

# ÅRSPLAN

## HEDELIC BARNEHAGE

2011-2012



Gullnesvegen 13

[heddeli.barnehage@seljord.kommune.no](mailto:heddeli.barnehage@seljord.kommune.no)

Tlf.: 35 05 13 52(kontor) / 35051353 (dei yngste barna)



# FORORD

**Flatdal barnehage skal dette barnehageåret være administrera av Heddeli barnehage. Barnehagen er likevel ei sjølvstendig eining og har sin eigen årsplan.**

Årsplanen er Heddeli barnehage sitt program for barnehageåret 2011 -2012. Den bygger på Rammeplanen for barnehagar, lokal Rammeplan for barnehagane i Seljord, Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune og informasjonsheftet om Heddeli barnehage. Årsplanen legg og til grunn vurderingsarbeid gjort av barn, foreldre og personalet.

Seljord kommune vil ha einskapelege barnehagar. Det betyr at i tillegg til det pedagogiske innhaldet vil det vere lik praksis i barnehagane t.d. ved servering av mat, spørsmål om sjuke barn og bursdagsfeiring.

Barnehagelova seier at barnehagen skal gje barna grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet og kreativitet og gje utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskap og ferdigheter. Rammeplan for barnehagar er ei forskrift til lova som gjev retningsliner for barnehagens verdigrunnlag, innhald og oppgåver.

Årsplanen fortel om korleis barnehagen arbeider med desse tema, men er ei grovskisse. Detaljane må formast undervegs.

Periodeplanar og informasjon om kva vi har gjort, kan du få ved å følgje med på oppslagstavla og lese i dagboka på kommoden i gangen.

Dersom det er noko du lurar på eller har meining om, synast vi det er fint om du tar kontakt med oss.

Seljord, august 2011.

Kristin Gaarder

## ÅRSHJUL Heng meg opp !!!

Veke 33-35		Oppstart av nytt barnehageår
	30.8	Foreldremøte
	5.9	Møte i samarbeidsutvalet
	5.9	Bli kjent fest med foreldre for 2009 og 2010 gruppa
Veke 35-38		Dyrsku'n
Veke 39-44		Tema. Sjå dei ulike gruppene
Veke 39-42		Barnesamtalar
	<b>23.9</b>	<b>Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.</b>
	28.9	Hautsfest med foreldre for 2006-2009 gruppene
	3.10	Verdensbarnedagen
	24.10	FN dagen. Sjå den enkelte gruppa
	18.10	Foreldremøte, gruppevis
Veke 43-47		Foreldresamtalar
Veke 45-46		Tema brann
Veke 48-51	13.12	Advent. Jul. Luciabesøk frå barneskulen
	13.12	Adventfest for 2009 og 2010 gruppa. Med foreldre
	15.12	Adventfest for 2008 og 2009 gruppa. Med foreldre.
	14.12	Adventfest for 2006 og 2007 gruppa. Med foreldre.
	23.12	Grautfest. Barna og personalet
<b>Veke 52</b>	<b>24.12-1.1</b>	<b>Jul. Barnehagen er stengt.</b>

<b>2012</b>	<b>2.1</b>	<b>Planleggingsdag for personalet Barnehagen stengt.</b>
Veke 2-10		Tema. Gym på Granvin for 2006 gruppa
Veke 7		Fastelavn. Karneval, barna og personalet.
	17.2	Karneval
	28.2	Foreldremøte. Tema
Veke 10-13		Tema helsestasjonen, 2007 gruppa
Veke 12-15		Påske. Vår
Veke 16-23		Musikktema
Veke 11-17		Foreldresamtalar
	15.3	Barnehagedagen
	26.4	"Rusken-dag" med foreldre
	27.4	"Rusken"dag for barn og personalet
Veke 18-25		2006 gruppa blir kjent på skulen
Veke 19-20		Tema 17 mai
Veke 23	5.6	Sommarfest for 2006 og 2007 gruppa
	7.6	Sommarfest for 2008 og 2009 gruppa
	6.6	Sommarfest for 2009 og 2010 gruppa
	<b>11.6</b>	<b>Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.</b>
Veke 24-25		Sommar. Avslutning av arbeid
Veke 26-33		Barnehagen er prega av sommarferieavvikling
<b>Veke 29-30</b>		<b>Ferie. Barnehagen er stengt.</b>
	<b>16.8-17.8 ?</b>	<b>Personalet har planleggingsdagar. Barnehagen er stengt</b>

Årsrytme, høgtider og tradisjonar i bygda set preg på barnehagedagen generelt og temaarbeid spesielt. Meir detaljerna orientering finn du på oppslagstavla og i dagboka på kommoden i gangen.

# INNHALD OG ORGANISERING

## Dagsrytme

- Kl.7.30 Barnehagen opnar. Det er viktig at barnet blir **kryssa inn** slik at personalet til ein kvar tid veit kven som er i barnehagen. Leikerommet er ope frå kl.7.30. Fint om de følgjer barnet til det rommet barnet vil/skal vere i.
- Kl.8.00 – 9.00 Frukost på kjøkkenet. Frukost for dei minste inne på avdelinga.
- Kl. 10.00 – 12.30 Gruppetid. Fint om barna er i barnehagen innan kl.9.45 Temaarbeid, turar, lavvo, opprydding. Mellom kl.11.00 og 11.30 startar formiddagsmåltid. Garderobe
- Kl. 12.30 – 16.30 Uteleik og inneleik  
Ca. kl. 14.00 - 14.30 Frukt og enkelt brødmåltid
- Kl.16.30 Barnehagen stenger. Hugs å krysse barnet ut.

Morgon og ettermiddag er det ei kjøkkenvakt hos dei eldste. Kjøkkenvakta skal ynskje barn og foreldre velkomen i barnehagen.

Med tanke på generell førebygging av smitte har barnehagen innført nokre hygienetiltak.

**Barn og vaksne skal vaske hendene når dei kjem om morgonen.** Vi tilrår og å vaske hendene når ein kjem heim frå barnehagen.

Barna lærer å vaske hendene før måltid, ved matlaging og etter toalettbesøk.

Barna skal lære litt om korleis smitte går frå person til person og korleis vi kan hjelpe til å minske sjukdom hos små og store.

Vi har dei siste åra god erfaring med å jobbe i aldersdela grupper og deler difor barna etter alder når vi har tilrettelagte aktivitetar.

Leiken er ein viktig del av barnehagelivet. Vi vil fokusere på at personalet kan påverke og utvikle leiken positivt. Noko leik er difor organisera i leikegrupper leia av ein vaksen.

Lavvo-området er ikkje gjerda inn. Dette er spanande for barna.

Måltider går føre seg i gruppetida. Barna er med på førebu mange måltider. Ei kokebok barna kan ”lese” er under utarbeiding.

Språkstimulering og arbeid med lokalt kulturstoff er ei høgt prioritera del av barnehageverksemda.

Lokale segn, soger, song og dans er eit prosjekt vi starta førre barnehageår.

**Arbeidet fortsett i 2011 – 2012 for barn som er fødd i 2006, 2007, 2008.**

Det skal merkast at vi arbeider mykje med språk. Vi bruker noko norsk med teikn – støtte, øver lydar og munnmotorikk og legger opp til gode lesesituasjonar og den gode samtalen.

**Dette barnehageåret vil vi jobbe meir systematisk med leseaktivitetar.**

Barn kan slite med spesifikke språkproblem. Det går m.a. ut på mangelfull forståing av begrep og innhald i språket.

**Vi legg difor vekt på omgrepslæring, samtalar og forteljingar med barna.**

Vi legg opp til at ein vaksen og nokre barn er i smågrupper ein del av dagen. Dette fordi barn lettare blir ”sett” i små grupper. Gruppene er meir oversiktelege for barna, det er meir ro og gjev samtalar betre vilkår. Barnehagen vil fortsette å ha fokus på lavt støynivå.

Sist barnehageår ”dykka” vi litt ned i korleis personalet møter gutar og jenter. Behandlar vi gutar og jenter med likeverd? Blir gutane og jentene møtt av personalet som barnet det er, eller møter personalet barna som gut og jente? Får gutane like mykje merksemd, trøst, samtale m.m. som jentene?

Barnehageåret 2011 - 2012 fortsetter vi ”dykket”. Vi bruker observasjon, forteljingar frå barnehagelivet og barnesamtalar som hjelp for personalet.

Barnehagen har samarbeid med Tussejuv barnehage frå barna er i 2-3 års alder.

## **Barnegruppene**

### **Gruppe 1**

Barn fødd 2009 og 2010 er ei gruppe med base i nybygget. Der er det eigen uteplass tilpassa dei aller yngste, 9 barn. Her vil det bli fleire barn utover hausten

### **Gruppe 2**

Barn fødd 2008 og 2009 er ei gruppe med base på leikerommet. 2008 er 9 barn. 2009 er 11 barn.

### **Gruppe 3**

Barn fødd i 2006 og 2007 er ei gruppe med base på formingsrommet 2006 er 7 barn. 2007 er 11 barn.

Barna som er på den gamle delen av barnehagen, kan bruke heile denne delen av huset når det ikkje er gruppetid. Fordi det er mange 1-åringar dette barnehageåret må mange av 2-åringane vere på den delen av barnehagen som er for dei eldste barna. Det er og mange 2 og 3 åringar, så vi gjer nokre grep med lukka dørar m.m. for at barna skal få oversikt og ro. 2 og 3 åringane kan og nytte leikeplassen til dei yngste barna.

Det er pr.d.d. 45 barn som har plass i barnehagen.

## FASTE AKTIVITETAR

Lavvo ein dag i veka

Tur ein dag i veka

Tema-arbeid 2 dagar i veka.

Matgruppe ein gong i veka.2. kvar veke varm mat.

Språkgruppe for barn som ikkje har norsk som morsmål ein gong i veka

Oversikt over fordeling av dagar finn du i omtala av den einskilde gruppe.

## BARNES MEDVERKNAD

Personalet jobbar kontinuerleg med vaksenrolla. Fokuset er korleis personalet møter det enkelte barn slik at barnet mest mogeleg kan medvirke i sitt eige barnehageliv.

Vi vil bli ”flinkare” til å dokumentere barns medverknad og kommunisere med foreldra kva personalet legg i omgrepet medverknad, (sjå og info-heftet)

## OVERGANG BARNEHAGE TIL SKULE

Sjå info-hefte og plan for 2006 gruppa.

## KONTAKT HEIM-BARNEHAGE

Sjå årshjul, Bruk gjerne litt tid i barnehagen !

Personalet vil gjerne ha innspel frå foreldra om ønska tema på foreldremøte .

## HØGTIDER OG MERKEDAGAR

Dyrskulen, jol og advent, fastelavn, og påske: Sjå plan for den enkelte gruppe.

FN-dag og verdensbarnedagen blir markert med fokus på barn som har ein eller begge foreldra frå andre kulturar. I år er det Tsjetsjenia og Nederland.

## DOKUMENTASJON, VURDERING OG PERSONALUTVIKLING

Vi vil også dette barnehageåret utvikle bruken av ”praksisfortellingar” Det er ein metode til å auke personalets refleksjon omkring eige rolle i møtet med det enkelte barn og barnegruppa.

**Vi fortsetter fokuset på personalet si rolle overfor gutar og jenter.**

Vi tenker at **vår væremåte er vår arbeidsmåte** og vil difor også jobbe systematisk med korleis vi møter det enkelte barn, korleis vi organiserer oss i forhold til kor tilgjengelege vi er overfor barna. Eit anna fokus vil bli barns medverknad.

Korleis personalet møter barna vil bli dokumentera i m.a. innreiing, bruk av digitale verktøy, barnas deltaking i dagleglivet, organisering av dagen og grupper.

Personalet skal få auka kompetanse på bildebehandling og bruk av Fotostory.

Personalet skal systematisere arbeidet med fagområda i barnegruppene.

## PERSONALET

Nina Merete H. Bakkåker Anita Djupedal	førskulelærer/ped.leiar assistent	onsd., torsd, 2.kvar fred. tirsd.,onsd.,studerar til førskulelærer og vil få noko fråvær
Gry Anita Fossland	assistent	alle dagar, fødselspermisjon frå 1.januar 2012.
Ann – Christin Grutle	førskulelærer/ ped.leiar	månd.,tysd.,torsd.,fred.
Merete Grave	førskulelærer/ ped.leiar	mand.,onsd., fred.
Kristin Gaarder	førskulelærer/styrar	alle dagar
Cecilie Haugen	hjelpeleiar	månd., tysd., onsd., fred.
Desiree Hesthagen	assistent	månd.,tysdag,torsd.,fred.
Heidi F.Haugerud	førskulelærer/styrar	månd., onsd., torsd.
Ingrid Hegnastykket	førskulelærer/ ped.leiar	månd., tysd., torsd..
Hege Kittelsaa	assistent	alle dagar
Grete Natten	førskulelærer/ ped.leiar	alle dagar
Gunnhild Moen	førskulelærer/ ped.leiar	fødselspermisjon fram til 1/1 2012
Grethe Skoglund	førskulelærer/ ped.leiar	alle dagar
Ingrid Thorkildsen	barne- og ungd.arb/assistent	månd., onsd., fred.
Jorunn M. Torjussen	” ”	månd, onsd., torsd., fred.
Sigrunn Tresland	assistent	alle dagar
Gro Moen	assistent	alle dagar
Hege Andersen	reinhold	alle dagar
Gro Aase Rue	førskulelærer/spesialpedagog i kommunen	
Mari Søgård	logoped i kommunen	
Randi Eneberget	vikar	
Karina Atamanuka	vikar	

### UTPLASSERING:

Elevar frå Seljord Ungdomskule, Vidaregåande skular og studentar frå Høgskulen i Telemark kan ha praksis i barnehagen. Barnehagen er og språkpraksisplass

## **FORELDRERÅDET**

Leiar: Gunnhild Tveiten  
Nestleiar: Bjørn Tore Mevastaul

## **SAMARBEIDSUTVAL**

Representant for foreldra: Leiar Gunnhild Tveiten,  
N.leiar Bjørn Tore Mevastaul  
Representant for personalet: Ingrid Torkhildsen, Grete Natten  
Representant for eigar: Jon Svartdal, Inger Lognvik, vara. Endring etter valet.  
Skrivar/styrar: Kristin Gaarder